



Peter Nordgreen
Haukedalsv 34
5113 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1301 - 14/5773

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
22.04.2014

Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr gnr. 51, bnr. 147 i Naustvika.

Administrativt vedtak. Saknr: 98/2014

Saksutgreiing:

Det er i søknad dagsett 17.03.2014, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyret for bustadhus på gnr. 51, bnr. 147 i Naustvika på Landsvik. Søknaden er grunngeven med at det ikkje er montert eldstad i bustadhuset.

Det er samstundes førespurd om det er grunnlag for reduserte avgifter på grunn av at bustaden skal nyttast som fritidsbustad.

Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag skal sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2014.

Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyr.

Administrasjonen har vurdert eigar av gnr. 51 bnr. 147, sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

Bustaden det her er snakk om er nyleg teke i bruk og ligg i regulert område i Naustvika, der tomte er avsett til bustad. Eigar opplyser at bustaden skal nyttast som fritidsbustad.

Denne førespurnaden vil bli teke opp som eiga sak.

Vedtak

”Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2014 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar bustad på gnr. 51, bnr. 147, i samsvar med søknad dagsett 17.03.2014. Dersom eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.

Vedlagt følgjer ny faktura. Utsendt faktura vert kreditert.

Vedtaket er gjort i samsvar med delegert mynde frå rådmannen.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland

Mottakere:

Peter Nordgreen

Haukedalsv 34

5113

TERTNES